

# Bilete med familielinkning

Laurdag fekk Ivar Aasen-tunet eit måleri med motiv av deira eget tun. Eigaren si slekt er frå Solnør gard, der Aasen var huslærar i 7 år.

– Eg er veldig begeistra for Ivar Aasen-tunet, så eg vil låne det ut ein periode så det kan vere på utstilling. Barna mine er og samde om at biletet vil glede fleire folk her, enn det ville gjort hengande heime hjå meg i Oslo, fortel Ludvig N.W. Daae.

## Budde på familiegarden

Motivet av gardstunet frå 1904 er måla av kunstnaren Karl Johan Løkke, som måla naturalistisk gjennom heile sin karriere. Bygningen til venstre er museum no, medan det i midten er stabburet som no er rive.

– Dette biletet er ekstra kjært for meg, då oldefaren min hadde kontakt med Ivar Aasen gjennom heile livet, fortel Daae.

Aasen var huslærar på Solnør gard i Skodje, frå 1835 til 1842. Samstundes som han var lærar for barna byrja han å studere sunnmørdsdialekta. Det var her han byrja på planen sin om å utarbeide eit eget norsk skriftspråk. Etter

oppaldet på Solnør starta han reisa gjennom Noreg, for å undersøke bygdemålet.

## Tilfeldig forbindelse

At Daae har ein spesiell forbindelse til biletet er ganske så tilfelldig.

– Eg har arva det etter mor og far, som arva det frå mor sin familie. Morfaren min var formann i Ålesund Kunstforeining, då han kjøpte han blant anna dette biletet her. Men det er farssida mi som har forbindelsen til Ivar Aasen gjennom Solnør gard, fortel Daae.

Dagleg leiar Gaute Øvereng er glad for å få låne biletet, men veit ikkje kvar det skal henge enda.

– Vi må sjekke om klimaet er godt nok i galleriet før me kan seie sikkert at det vil henge der, men me er veldig nøgd med å kunne vise dette til besøkjande, fortel Øvereng.

✉ MARIT EIDE



\* Ludvig N.W. Daae lånte ut eit biletet med motiv av Aasen-tunet tidleg på 1900-talet. Dagleg leiar Gaute Øvereng tar i mot biletet på vegner av Ivar Aasen-tunet.

# Godt oppmøte på open dag

## Mange framtidige hestejenter og -gutar gjorde sitt innstog på ridebana på Vollane torsdag kveld.

Volda rideklubb inviterte til open dag torsdag, og det var høve både til å ri, sitje på med vogn og strigle hest. Inne på bana var det sett opp ei "gymkhana"-løype, med ulike utfordringar som ryttarane kunne få bryne seg på. Dei som syntest det var nok berre å sitje på hesteryggen, svinga berre utanom forhindringane.

## Litt skummelt – mest gøy

Fem hestar var i sving på ridebana denne kvelden. Linndi, Botnar og Svarta let barna få prøve seg på hesteryggen, medan Linka stod lydig og let seg strigle. Mange fann også stor glede i å prøve å sitte på i vogna bak Pokemann. Både jenter og gutter tok del i

arrangementet, og alle såg ut til å kose seg. For mange var det kanskje litt skummelt å skulle klatre opp på hesteryggen eller sette seg bak i vogna og la seg frakte rundt av eit stort dyr, men etter nokre få meter så slappa dei av. Det gjekk ikkje lenge før smilet nesten gjekk heilt rundt og dei ønskte større tempo. Dei fleste Reid mange rundar før dei var nøgde, og det måtte ein del overtaling frå foreldra si side før dei gjekk med på å reise heim.

– Berre ei runde til då, mamma! var ein gjengangar å høyre.

## Noregs Rytterforbund 100 år

Rideklubben stilte med open kiosk under arrangementet, og det vart selt både pølser, kake og kaffi. For dei som ville bryne seg på ein annan hesterelatert aktivitet, så var det laga til ei løype for hesteskokasting. Leiar i Volda rideklubb, Edle Holmin, er godt nøgd med dagen.

– Vi arrangerte open dag på



\* Køen var lang for å sitte på ein tur i vogna.

oppfordring frå Noregs Rytterforbund. Rytterforbundet feirar 100 år i år, og ynskte å markere dette gjennom å sleppe folk flest til på rideanlegga kringom i landet denne siste veka i mai. Vi fekk

pengestøtte frå forbundet, noko som gjorde at vi kunne la alle aktivitetane vere gratis for dei fram-møtte, forklarer ho. Som følgje av arrangementet fekk klubben fleire nye medlemmar, og det var ytra stor interesse for å ta del på andre aktivitetar i klubben sin regi sei-

nare. Det gjer klubbleia glad.

– Ein slik dag må vi prøve å få til igjen, siår ho fast.

**Volda rideklubb**  
v/Styret



\* Fjordingen Linka fekk mykje stell og vart veldig rein og fin til slutt.



\* "Gymkhana"-løypa var veldig populær.

**Frukosten  
er best  
med Møre**

Bestill abonnement

Ring 70 07 44 22

eller gå inn på

www.mre.no -> abonnement